

Fagdag psykisk helse 23.april 2025

«Dansen redda livet mitt»

Målgruppe: Tilsette i barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, PPT, helsestasjon, barnevern, BUP og andre tverrprofesjonelle tenester for barn og unge i Sogn

Tidspunkt: Onsdag 23.april kl 9.00-14.30. Registrering frå kl 8.40

Kvar: Quality Hotel Sogndal (konferansesal)

Pris: 500 kr for dagpakke pr. person som vert fakturert kommunane/eigar i etterkant. Prisen inkluderer føredrag, kurslokale, dagens 2-rettar lunsj, kaffi/te og pausemat.

NB! Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet i påmeldinga.

Påmeldingsfrist: 8.april kl 23 her: <https://www.fagnettverkisogn.no/hending/fagdag-psykisk-helse-dansen-redda-livet-mitt/>

«Dansen redda livet mitt»

Når vi møter barn/unge som utfordrar oss, kva tilnærming kan alle nytta?

- Styrkebasert tilnærming i møte med barn/unge som har det vanskeleg
- Fokus på potensiale - det som beskyttar
- Tverrfagleg samarbeid som verkar

Tradisjonelt har forskning på barn og unge hatt stort fokus på risikofaktorar knytt til skadeleg og utfordrande åtferd, snarare enn på beskyttande faktorar.

Å identifisera og styrka beskyttande faktorar er ein effektiv måte å handtera risiko på. Den styrkebaserte tilnærminga er ikkje ein metode, men heller ei underliggande forståing som kan rettleia oss i kva vi skal leggja vekt på i oppfølginga av barn/unge og familiar.

Powell (2018) beskriv denne tilnærminga som det å identifisera, etablere og utvikla styrkar og ressursar hjå barn og unge, i familien og i samfunnet.



Beate Gauden og Julie Farestveit Andreassen er spesialpedagogar/spesialkonsulentar ved Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsføbygging, **RVTS Vest**. Begge har master i spesialpedagogikk og brei erfaring frå fagfeltet. Julie har god erfaring frå barnehage, vidaregåande skule og bufellesskap. Beate har lang erfaring som leiar i PPT, barnehage og som skulesjef og leiing av tverrfaglege prosjekt.

Begge er genuint opptekne av dei barna/ungdomane som er vanskelege å hjelpe eller vanskeleg å like fordi dei har sterke reaksjonar og utfordrar i møte med barnehage, skule og hjelpetenester. Dei har fokus på den krafta som kan liggja i eit solid tverrfagleg samarbeid. Dei kjem til Sogndal oppdaterte på nyaste forskning innan feltet, og gler seg til å møte alle tenestene på fagdagen. Kurset inneheld mange konkrete tips og demonstrasjonar på gode og dårlege tilnærmingar. Praksisnær undervisning fundert på trygg teoretisk forståing.

Les gjerne meir om Beate og Julie her:

- <https://rvtsvest.no/beate-gauden/>
- [Julie F. Andreassen - Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsføbygging](#)

Velkommen til fagdagen! Her vil du kunne få ny kunnskap og innsikt, samt høve til å delta i gode refleksjonar med kollegaer frå heile Sogn.

Med helsing

Ingrid Steine Bortne

Programleiar barnehage- og skuleutvikling

Sognaregionen - Sogn kommunalt oppgåvefellesskap (KO)

Tlf 48 25 03 06

Ingrid.Steine.Bortne@sogndal.kommune.no